



VERDIGRUNNLAG OG PEDAGOGISK PLATTFORM



Adresse: Øvregjerdet 18
6050 VALDERØYA

Tlf: 70182497

E-post: post@daggrybarnehage.no

Heimeside: daggry.barnehage.no

Eigar: IMF Sunnmøre

Styrar: Kari-Lise Ose Nordstrand

Ass.styrar: Marte Tolo Skjong

DAGGRY BARNEHAGE

-ein god plass å vere, leike og lære

INNLEIING

I dette heftet vil vi vise kva vi legg vekt på i barnehagen vår, om verdiane og det pedagogiske grunnlaget som vi bygg på, og om den pedagogiske praksisen. Vi vil presentere innhaldstreet vårt, barnesyn/læringsssyn og kjerneverdier. Heftet ligg også på heimesida vår, og der er innhaldstreet digitalt, så ein kan fylgje lenkene i treet og få opp meir informasjon. I tillegg kan de finne årsplan og andre opplysninger om barnehagen på heimesida.

Barnehagelova og rammeplan for barnehager, er det overordna og det som styrer barnehagane i Norge, og dette seier lova om formål og verdier:

Barnehagelova §1 Formål: «Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

Rammeplan for barnehagen: «Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen.»

Daggrý barnehage er eigd av IMF Sunnmøre, og har ei utvida praktisering av den kristne formålsparagrafen.

PEDAGOGISK PRAKSIS

Barnehagen sitt særpreg er leik, omsorg, læring og danning. All læring skal skje gjennom leik, opplevingar og utforsking, og det skal skje i eit trygt og godt miljø for barna, der det er mykje omsorg, glede og kjærleik, og der barna skal kjenne seg elska og verdifulle som mennesker. Den kristne budskapet er ein naturleg del av kvardagen og haldningane i vår barnehage. Vi skal lære å fungere godt sosialt saman, i vennskap og relasjonar, og med dei regler og normer som trengs, og dette skal gjere barnehagen til ein god plass å vere for liten og stor.

Vi har eit personale som er varme voksne med eit stort hjerte for kvar og ein av barna, og som vil gjere sitt beste for å legge til rette

for kvar einskild, og vere gode rollemodeller for barnas utvikling, læring og danning.

Målet er å gje barna basiskompetanse på dei ulike områder, eit grunnlag til å meistre livet sitt på ein god måte både no og i framtida.


INNHALDSTREET

Her har vi samla innhaldet i barnehagen i eit tre. I røtene ligg barnehagelova, rammeplan, vedtekter, m.m. Så har vi satsingsområdet «leik og livsmeistring» i stammen, slik at det skal spreie seg ut i alle greinene, og prege alt det andre vi held på med; temaer gjennom året, uteliv, sang og musikk, leik og rutiner i barnehagen.

Sola som skin over treet skal skape vekst og utvikling, der ligg visjonen vår, «- med Guds kjærleik til barna».



KJERNEVERDIER



I DAGGRY BARNEHAGE BETYR DETTE:

• **Utvikling:**

- Kvalt barn skal få utvikle seg til den beste utgåva av seg sjølv
- Kvalt barn skal bli rusta til å meistre livet sitt godt, no og i framtida
- Barna skal ha gode rollemodeller i dei voksne

• **Nestekjærlighet:**

- Vi viser omsorg, vi trøster og vi tilgir kvarandre
- Vi vil glede oss på andre sine vegne
- Vi vil vise kvarandre kjærleik, slik som Bibelen fortel om Guds kjærleik til menneska.

• **Inkludering:**

- Kvar einskild deltek aktivt i fellesskapet
- Vi viser respekt og tek kvarandre på alvor
- Alle i vårt fellesskap skal oppleve at dei er unike og har stor verdi
- Å ha ein ven, og vere ein ven for andre

• **Kvalitet:**

- Eit stimulerande pedagogisk miljø for barna, med kompetente voksne som motiverer til barnet si lyst til å lære og utforske
- Barnehagen har tydeleg profil og verdier
- All læring skjer gjennom leik og utforsking, og barna får lære med heile kroppen og alle sanser.
- Trivsel og tryggleik for barn og voksne, og godt samarbeid med foreldre

BARNESYN

i Daggrø barnehage

*"SOM EIT KJEDE, SAMAN I GLEDE
INGEN LIKE, MEN ALLE UNIKE!"*

- Alle barn er unike og verdifulle, og skal møtast med respekt
 - Dei har alle rett til å få utvikle seg utfrå egne evner og føresetnader, individuelt og i samspel med andre
 - Det er viktig med tidleg stimulering av språk og sosialt samspel, og utviklingsstøtte for god læring og kunnskaps-tileigning heile livet
 - God læring = heilheitleg læring. Det betyr samanheng i læringa frå barnehage til endt skulegang, det betyr tverrfagleg læring, og det betyr at barn får lære gjennom opplevingar og refleksjon, med heile kroppen og alle sansane sine.
- God læring er avhengig av inspirerende voksne som er gode rollemodeller, og som motiverer til barnet si lyst til å lære og utforske.



MAUREN

Liten?

Jeg?

Langt ifra!

Jeg er akkurat stor nok.

Fyller meg selv helt

på langs og på tvers

fra øverst til nederst.

Er du større enn deg selv kanskje?

